

# Årsrekneskap 2023

Vennelaget for Lensmannsgarden på Varhaug



## Generelt

Vennelaget er ein ideell organisasjon som ikkje har økonomisk avkastning som målsetjing. Vennelaget må likevel byggja opp ein tilstrekkeleg solid økonomi til å kunna påta seg risiko i samband med kulturarrangement. Me trur vidare at det er viktig for artistane, Hå kommune og styremedlemmene at Vennelaget er på trygg økonomisk grunn.

Styret har vedteke eit dokument som inneheld rekneskapsprinsipp for Vennelaget. I tillegg har me ein revisor som passar på at me rapporterer rett.

Vennelaget nyttar ein modell for å berekna økonomisk risiko ved større arrangement. Dette gjev grunnlag for å ta avgjerder basert på kalkulert risiko. Ein del av økonomistyringa er også at Vennelaget etterkalkulerer alle arrangement. Dette gjev læring for komande kulturtilbod.

## 2023

Året vart godt og gav eit overskot på kr 40.296. Samla bankinnskott auka til kr 227.690 pr. 31.12.2023.

Dei store postane i rekneskapet gjeld billettsal og honorarer. Det er også her det er størst økonomisk risiko. Dei andre postane har me større kontroll med sidan dei i stor grad kan tilpassast aktivitetsnivå og Vennelagets økonomi.

### *Kultur i Løå*

Det vart gjennomført tre arrangement. Kortreist konsert og Boblelunsj vart fullbooka og med fine overskot, medan julekonserten i desember gjekk i null. Totalt gjekk arrangementa med kr 29.082 i pluss.

### *Lunsjtreff*

Lunsjtreffa gjekk som normalt heile året. Samla overskot kr 13.119. Ein stor honnør til Lunsjtreffgjengane som driv ein flott dugnad for bygda. Ein ekstra pluss er det at dette gjev pengar i kassen til Vennelaget.

### *Vennelaget/småprosjekter/renter*

Netto utgifter kr 1.907.

Største utgiftsposter var dugnadsutgifter på kr 2.219 samt utstyr til Løå på kr 1.791.

Største inntektspost var renteinntekter minus bankgebyrer på ca. kr 3.700.